



bevaring av  
VAKSDALS**VASSDRAGET**

Kontaktperson :  
Linda Lien  
Tvesporvegen 42  
5725 Vaksdal  
e-post: lindahlien@gmail.com  
mobiltlf. 980 33 312  
www.vaksdalsvassdraget.com

17. mars 2015

# Uttale om Boge Kraft AS sin søknad om konsesjon for bygging av Boge 3

Bevaring av Vaksdalsvassdraget (BaV) ønskjer med dette å uttala seg i samband med ei eventuell bygging av kraftverket Boge 3 i Bogeassdraget i Vaksdal kommune.

## Uttale:

Bevaring av Vaksdalsvassdraget rår frå å gje konsesjon til utbygginga av Boge 3. Me meiner prosjektet er lite framtidsretta og medfører fleire negative konsekvensar for lokalsamfunnet: Området sin verdi knytt til friluftsliv og rekreasjon vert forringa, Bogevatnet som noverande hovuddrikkevasskjelde og framtidig reservevasskjelde vert råka, vassføringa i Vaksdalsvassdraget og kraftproduksjonen i eksisterande kraftstasjonar vert redusert.

## Om prosjektet:

Boge Kraft AS ønskjer å nytta Krosstjørnane og Svartavatn med tilhøyrande nedbørsfelt for auka kraftproduksjon i Bogeassdraget. Utbygginga vil mellom anna medføra redusert kraftproduksjon i eksisterande kraftverk, Ardalen og Møllen, på samla 2,1 GWh, samt bygging av ny kraftstasjon og veg langs Bogeassdraget.

I forbindelse med tiltaket vil ein overføra vatn frå Krosstjørnane til Svartavatn, og vidare alt vatn frå Svartavatn til Bogeassdraget. Av søknaden går det fram at 3,8 mill. m<sup>3</sup> vatn blir fråført Vaksdalsvassdraget og overført Bogeassdraget på årsbasis.

Netto produksjonsauke for tiltaket er 4.92 GWh, mens utbyggingskostnaden er på 23,2 millioner kroner.

Ved nordaustenden av Bogeassdraget er det tenkt bygd ein kraftstasjon som er om lag 8 meter lang og 8 meter brei (64 m<sup>2</sup>), samt 6 meter høg. Frå Bogeassdraget vert det bygd ei røyrgate som vil bestå av eit 380 mm borehol frå stasjonsområdet og opp under Svartavatn. Lengda på holet er om lag 2100 meter.

## Om området og konsekvensane av ei eventuell utbygging:

Området er særskild viktig for rekreasjon og friluftsliv, og utbygginga rår eit svært vakkert høgfjellsområde, som er mykje nytta til treningsturar, dagsturar og fiske. I Vaksdal satsar både Bergen og Hordaland Turlag, Vaksdal Vel og Vaksdal Idrettslag på auka bruk av fjellheimen. Turlaget har investert i nye hytter, vellaget har tatt initiativ til organiserte fjellturar og idrettslaget etablerte i 2015 ei eiga turgruppe.

Etableringa av turgruppa er eit resultat av auka interesse for å ta nærområdet meir i bruk. Det er tilflytting av familiar og store barnekull i bygda, og Bogeassdraget er ein av fleire innfallsportar til Vaksdalsfjella. Bergen og Hordaland Turlag har uttala av Vaksdalsfjella er eit satsingsområde for dei, og eit viktig utfartsområde for turentusiastar busett i bergensregionen. Inngrepa får difor konsekvensar for langt fleire enn lokalfolket. Auka satsing frå Bergen og Hordaland Turlag gjev også potensielt stor marknadsføringsverdi som friluftsliv- og bukommune. Redusert vassføring i Vaksdalsvassdraget og elva som renn gjennom heile Vaksdalsbygda, vil ha negativ effekt. Utbygginga fører til at landskapet vert forringa, med tørrlagde elvefar og sørgjerender langs vatna, samt tekniske inngrep i naturen:

Ei eventuelle realisering av Boge 3 medfører at ei av to elver som renn gjennom Lonastølen vil bli tørrlagt. Lonastølen er det mest barnevennlege turområdet i eit elles bratt terreng, og mykje nytta av barnefamiliar og ungdommar, i tillegg til Vaksdal skule. I tillegg vil det tørrlagde elveleiet vera synleg frå Bergen og Hordaland Turlags tursti frå Herfindalen til Høgabø.

Nedtapping av dei grunne Krossstjørnane vil vera svært øydeleggjande for det estetiske uttrykket i området, og vil truleg føra til delvis attgroing av tjørnane. Utbygginga kan også ha negative konsekvensar for fiskebestanden i vatna. Vaksdal kommune har utarbeidd fiskekart for området, og Vaksdal fiskarlag har i ei årrekke sett ut setjefisk og arbeid for å skapa gode fisketilhøve.

Det er planlagt bygd 750 meter veg langs Bogevatn. Vegen skal delvis liggja under vatn, men vil vera synleg og sjenerande når magasinet er nedtappa.

Bogevatn er i dag drikkevasskjelde for store delar av innbyggjarane i bygda Vaksdal. Etter at det tidlegare vart opna for kraftproduksjon i Bogevasstraget, har drikkevasssituasjonen vore uholdbar, både under anleggsperioden og i ettertid har bygdefolket opplevd hyppige periodar utan vatn, med dårleg vasskvalitet eller med kokepåbod grunna forureining (e-coli). To av landets største næringsmiddelbedrifter er etablert i bygda, og desse er heilt avhengig av stabil tilgang på vatn av høg kvalitet. Regulering i ei drikkevasskjelde medfører varierende vasstand, og er særst uheldig. Det er planlagt ny drikkevasskjelde, men situasjonen dei siste åra har synt at det er behov for reserveskjelder. Det vil ta fleire år før ny drikkevasskjelde er etablert, og så lenge ny drikkevasskjelde ikkje er klar og tatt i bruk, vil det alltid vera usikkerheit knytt til finansiering, omprioriteringar og forseinkingar. Under første utbyggingsfase var det til dømes fleire uheldige episodar med frysing av vatn, noko som medførte at store delar av bustadane i bygda mista drikkevattnet, og deretter fekk forureina vatn i kranane. BaV opplever at det er motstand mot prosjektet i bygda, og at det er reaksjonar på planar om ytterlegare anleggsverksemd og regulering i det som i dag er drikkevasskjelda, spesielt når det har vore negative erfaringar i samband med bygging av Boge 1 og 2.

Prosjektet medfører også auka støy. Dei siste åra har fleire småbarnsfamiliar bygd nye hus og etablert seg på Boge, og det vert allereie i dag reagert på sjenerande støy frå eksisterande kraftproduksjon. Ved Bogevatnet, er det i dag fleire hytter, og i tillegg går mange turar og rastar i området. Innbyggjarane fryktar at ytterlegare utbygging vil auka støyplaga. Stillheit er på mange måtar i ferd med å bli ein knappheitsgode. Miljøstatus i Norge, som er ein nettstad om miljø og klima, utvikla av miljøvernforvaltninga, med Miljødirektoratet som ansvarleg redaktør, skriv om støy:

*Høvet til å oppleve stillheita i naturen er viktig for mange, både der dei bur, og der dei ferdast i kvardagen og på fritida. Nærmiljøet og friluftsområda blir brukte til å kople av frå ein kvardag med mykje støy. Dei gir oss rekreasjon og avkopling, og vi stressar ned. Studiar viser at natur og naturlege sanseintrykk påverkar helsa positivt og gir energi, i motsetning til menneskeskapte sanseintrykk, som krev energi og gjer oss mentalt trøytt. Fleire forskingsarbeid viser òg at høvet til å oppleve stillheit og ro og til å sleppe unna stress og mas er svært viktig for helsa og trivselen til mange. Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. For turistar som kjem til Noreg, er stillheita ein viktig kvalitet, og ho er dermed ein ressurs for turistnæringa òg. Vi må derfor verne om og forvalte henne.<sup>1</sup>*

Det er viktig å ta vare på og verne om dei naturkvalitetane som er att i Vaksdal. Eventuelle inngrep i naturen er ikkje-reverserbare, og forringar området verdi som rekreasjons- og turområde. Vaksdal er ei bygd i vekst, der nærleiken til naturen er viktig for mange nyetablerarar.

Det har gjennom tidene også vore gjennomført fleire omfattande kraftutbyggingar i Vaksdal kommune, og området er under press frå fleire kraftprodusentar. Ubygginga må difor også sjåast i samanheng med BKK sine utbyggingsplanar, som til liks med Boge Kraft AS sine planar vil medføra ytterlegarre inngrep i naturen, og redusert vassføring i Vaksdalsvassdraget, om konsesjon vert gjeve.

Det omsøkte prosjektet påverkar dagleglivet til bygdefolket, både gjennom at at eit viktig turområde vert forringa, og gjennom at drikkevasskjelda vert råka. Det er vanskeleg å sjå at dei negative konsekvensane for ålmenta kan forsvarast gjennom ein prosjekt som gjev under 5GWh auka kraftproduksjon og hovudsakleg inntekter i privat regi.

Det er også vanskeleg å sjå kva tiltak som kan vera avbøtande og redusera dei negative konsekvensane dersom utbygginga vert gjennomført.

Bevaring av Vaksdalsvassdraget rår difor frå å gje konsesjon til utbygginga av Boge 3.

*Styret i Bevaring av Vaksdalsvassdraget,  
kontaktperson Linda Lien*

1) Lasta ned 18.03.2015 frå <http://www.miljostatus.no/Tema/Stoy/Stillheit-i-naturen/>